

# NHO sitt Global Future - program: Eit steg i rett retning

Deltakinga Global Future – programmet har gitt meg verdifull lokalkunnskap og eit sterke nettverk, seier Carol Azungi Draglega, som til dagleg er forskar hjå Vestlandsforsking. – Som Carol sin mentor har eg fått innsikt i kva utfordringar innvandrarar i Sogn og Fjordane møter, og viktige innspele til korleis vi kan løyse utfordringane, meiner Anne Karin Hamre, fylkesmann i Sogn og Fjordane.

- Då eg for ti år sidan sa opp jobben min som journalist i Uganda si leiande riksavis for å studere i Norge, trudde eg at den avgjerda var den vanskelegaste eg nokon gang ville ta. Men det var inntil eg – etter å ha fullført både master- og doktorgrad ved Universitetet i Oslo – bestemte meg for å flytte igjen, denne gongen til Sogndal for å byrje i jobben som seniorforskar ved Vestlandsforsking. Motivasjonen min for denne stillinga var høvet til å vidareføre forskinga mi på marginalisering og inkludering frå eit nyt perspektiv. Mitt opphavlege internasjonale fokus skulle no rettast mot meir regionale og lokale (norske) problemstillingar.

Eg var smerteleg klar over utfordringane eg ville møte; eg visste svært lite om dei sosiale og politiske tilhøva i regionen, hadde ingen lokale profesjonelle nettverk å støtte meg på, og eg måtte lære meg (ny)norsk på nyt igjen. Difor var det ein stor moglegheit for meg då NHO med samar-

beidspartnerar sette i gong Global Future – programmet i Sogn og Fjordane. Global Future er eit landsdekkande utviklingsprogram for innvandrarar med høgare utdanning, som har til mål å auke tilgangen på høgt kvalifisert arbeidskraft og skape mangfold i arbeidslivet. Som deltakar i programmet såg eg ein moglegheit til å styrke forskinga mi, byggje nye nettverk, auke lokal-kunnskapen min, og engasjere meg i lokalmiljøet mitt.

Eitt år seinare, etter ti samlingar med 25 deltakarar frå 19 ulike land, har eg oppnådd formell styrekompesanse (kursbevis fra BI), retorikkdiplom og AFF-kursbevis (personleg utvikling). Eg har delteke på ekskursjonar til leiande bedrifter i regionen, og eg har samarbeidd med Sogn og Fjordane sin fylkesmann, som har vore mentoren min. Sjølv om alle aspekta ved prosjektet har vore lærerike, må eg personleg peike på mentorordninga som det mest utviklande ved Global Future. Anne Karin Hamre har gitt meg avgjerande innsikt i den politiske og strukturen og dynamikken i fylket, i tillegg til verdifull informasjon om lokale forhold. Det har vore inspirerande å bli kjend med ei kvinne som har brote gjennom det berømte glastaket. Slike tilfelte er kanskje ikkje unike i norsk samanheng, men i mitt heimland Uganda er det langt mellom kvinner i leiarposisjonar.

I det store og det heile har Global Future og den tilhøyrande men-



Carol Azungi Draglega og Anne Karin Hamre.

torordninga vore utviklande. Ikkje berre i forhold til lokal og regional, sosial, økonomisk og politisk kunnskap – programmet har også gitt deltakarane arenaer der dei har fått treffen viktige aktørar i fylket. Til sist har Global Future vore ein møteplass der vi har fått auka kulturell forståing, i tillegg til den personlege og profesjonelle nettverksbygginga som har funne stad. Slik oppsummerer Carol Azungi Draglega sine erfaringar etter eitt år som deltakar i Global Future – programmet.

Anne Karin Hamre meiner at samarbeidet med Carol i Global Future har gitt læringsbegge vegar. – Som Carol sin mentor har eg fått betre innsikt i dei utfordringane innvandrarar i Sogn og Fjordane møter. Trass i topp utdanning og norske kunnskapar har Carol vore nøydd til å jobbe

beinhhardt for å tilegne seg kunnskap vi som er oppvaksne i Norge tek for gitt. Samstundes var Carol ein av dei få deltakarane som i starten av Global Future hadde ein jobb i samsvar med kvalifikasjonane hennar. Heldigvis har fleire av deltakarane fått jobb i løpet av programmet.

Folketalet i Sogn og Fjordane har halde seg stabilt siste tiåret, medan mange andre fylke opplever ein kraftig vekst. Den vesle auken vi har hatt dei siste åra, skuldast i hovudsak innvandring. Diverre flyttar mange innvandrarar vidare etter ei tid i Sogn og Fjordane.

Dei komande åra vert det ei kjempeutfordring å få tak i kompetent arbeidskraft. Innvandrarene representerer ein stor ressurs for fylket vårt. Difor er det viktig å leggje betre til rette for at innvandrarar får ta del i ar-

beids-, kultur- og organisasjonslivet i lokalsamfunna våre, slik at vi saman kan skape eit meir moderne, tolerant og mangfoldig samfunn. Til dømes fleire møteplassar, tilpassa norskopplæring og traineeprogram for innvandrarar. Eg vil berre minne om at Silicon Valley i California, eit av verdas mest innovative samfunn, er tufta på innvandring!

Carol Azungi Draglega  
og Anne Karin Hamre

Innlegg kan du sende til  
Fjordabladet, Rådhusvegen 6,  
6770 Nordfjordeid,  
eller på e-post:  
[redaksjon@fjordabladet.no](mailto:redaksjon@fjordabladet.no).

Lange innlegg kan  
verte korta ned.